

Fra: ellen johansen <ellenbirgitta@hotmail.com>
Sendt: onsdag 17. august 2022 12.10
Til: Tom Øyvind Heitmann <tom.oyvind.heitmann@kusek.no>
Emne: Fwd: Kontrollutval, varsel om dårleg arbeid i Hammerfest kommune

Få [Outlook for Android](#)

From: ARKHAUS <alex@arkhaus.no>
Sent: Tuesday, August 2, 2022 11:04:10 AM
To: ellenbirgitta@hotmail.com <ellenbirgitta@hotmail.com>
Subject: Fwd: Kontrollutval, varsel om dårleg arbeid i Hammerfest kommune

Hallo att Birgitta

Berre for å sikre at kommunikasjonen fungerer - har du fått min epost av 28.juli?

- beste helsing

alexander kupz
arkitekt MNAL
dipl.ing.architektur

The logo for ARKHAUS, featuring the word "ARKHAUS" in a stylized, bold, sans-serif font. The letters are dark grey, and there is a small orange square to the left of the 'A'.

alex@arkhaus.no
41790525

Videresendt melding:

Fra: ARKHAUS <alex@arkhaus.no>
Emne: Kontrollutval, varsel om dårleg arbeid i Hammerfest kommune
Dato: 28. juli 2022 kl. 15:44:37 CEST
Til: ellenbirgitta@hotmail.com

Hallo Ellen Birgitta

Eg sender deg ein førespurnad i din funksjon som leiar i kontrollutvalet. Dersom eg ikkje tek feil så hadde du allereie ein dialog om denne saka med Linn Tjønso, som nemnde for meg at det kan vere føremålstenleg å ta kontakt til deg direkte.

Saka gjeld i utgangspunkt klagen av ARKHAUS AS mot Hammerfest kommune, spesielt prosjektavdelinga. Eg er dagleg leiar i bedrifta og er både saksførande i den aktuelle klagen mot kommunen, samtidig som eg ser attende på ei rekkje forstyrrande opplevinger med denne avdelinga (og andre involverte i kommunen).

Kort fatta kan eg informere deg om fylgjande:

I 2021 har Hammerfest kommune, nærmare prosjektafdelinga, avbestilt ARKHAUS som Ansvarleg Søkjar for prosjektet Toalett huset Skansen. Dette skjedde til trass for ei gjeldande avtale og ikkje minst på eit tidspunkt då arbeidet allereie var så godt som gjennomført. Dette førte til eit tap for firmaet (ikkje stort, men tydeleg).

Eg personleg prøvde å kome i kontakt med ulike peronsar i kommunen (prosjektleiare, avdelingsleiare, rådmann) for å finne ei minneleg løysing direkte etter avbestillinga (same dag!), både for å sikre godt samarbeid vidare og unngå ytterlegare bruk av tid og peng som ein lengre tvist kan føre med seg. Men her var responsen eg fekk meir eller mindre "null".

I staden for å gå i dialog med meg sendte kommunen i staden for advokaten på bane, som prøvde å overbevise meg at ARKHAUS ikkje hadde noko som helst krav i denne saka. Advokaten kom i tillegg med ei rekkje tvilsame påstandar, som delvis var iaugefallande usanne. Dette vart dokumentert ovanfor retten.

Sidan kommunen korkje reagerte på mitt tilbod på dialog, sendte ein samarbeidsmotvilleg advokat og til slutt av slo ARKHAUS sitt forlikstilbod var det ikkje anna å gjere anna enn å gå vidare til sak. Dette i utgangspunkt for å krevje erstatning for tapet. Men på det tidspunktet hadde saka i tillegg allereie utvikla seg på ein slik iaugefallande måte, at det oppsto eit sterkt ynske om å få overprøvd kommunen si oppføring (i fyrste omgang) gjennom rettsystemet.

Kommunen reagerte på klagen med eit tilsvar. Dette er sjølv sagt full rett, samtidig som tilsvaret var oppbygd på same måte som epostande frå kommuneadvokaten før: Avvising av alle krav ARKHAUS kunne ha + ein rekkje villeiande utsegn og dokumenterte feilpåstandar. Dette er oppsiktsvekkjande i seg sjølv mtp. at advokaten er representant av ein heil kommune (og ikkje ein privatperson eller eit privat føretak).

Uansett, like oppsiktsvekkjande er at korkje advokaten eller prosjektleiaren (begge to var kalt inn!) møtte opp til rettsmøtet. Det vart heller ikkje sendt nokon avløyser eller andre frå kommunen si side. Ein gong til oppsiktsvekkjande!

Med dette slapp kommunen å forsvare seg både mot klagen, men òg mot kommentarane til påstandane advokaten hadde produsert i tilsvaret. Samtidig måtte kommunen akseptere at retten vil avseie fråværsdom, som synte seg til å vere ikkje anna enn full siger for ARKHAUS.

Resultatet fram til det tidspunktet var altså at kommunen

- avbestilte eit oppdrag utan å ville betale erstatning for tapet, til trass for ei gjeldande avtale
- av slo ein dialog om minneleg løysing inkl. eit forlikstilbod på betaling av kr.20.000 som endeleg oppgjær
- tapte rettsaka fullt ut og vart dømt til å betale kr. 34 799,50.

Dessutan bør det nemnast at det vart brukt over 70 timar på mi/ARKHAUS side for dialog med kommunen, utarbeiding av klagen, førebuing til rettsmøte og oppmøte i forliksrådet - og med dette ikkje for arkitektarbeid.

Det er ukjent kor mykje tid som vart brukt i kommunen for denne saka hittil, uansett vart/vert denne finansiert med skattepengar.

Per i dag er det uklårt om kommunen vil kome til å akseptere dommen, krevje oppfrisking i forliksrådet eller anke saka vidare til tingretten.

Etter mi oppfatning er kommunen si oppføring i denne (rett)saka merkeleg nok for å sjå meir detaljert på dei enkelte hendingene som har skjedd - spesielt framanfor bakgrunnen at det er si eiga næring kommunen opererer imot.

Samtidig er med (mis)tanke på mogeleg *systematikk* viktig å vite at denne (rett)saka ikkje er fyrste gong kommunen/prosjektavdelinga har oppført seg eigenrådig og ikkje minst mot handboka:

I 2014 har kommunen avslutta samarbeidet med ARKHAUS i prosjektet omsorgsbustar mellomvatn, denne gongen rett og slett utan å seie frå og kommentere dette. Seinare fekk eg å vite at teikningane frå ARKHAUS skulle ha vore feilaktig, som var grunnen for avsluttinga. For orden si skuld vart teikningane sendt til ekstern kontroll i etterkant, som viste at dei var utmerka likevel. Rapporten vart sendt vidare til kommunen - utan respons.

Faktum er at ARKHAUS etterpå ikkje hadde fått nye oppdrag/førespurnadar frå prosjektavdelinga att før 2021. Førespurnaden om ny arkitekthjelp kom altså 8 år seinare og direkte etter at det vart sendt innsynskrav til prosjektavdelinga i 2021, som gjaldt oppdraga prosjektavdelinga delte ut i åra før. Oppdraget i 2021 var samtidig det siste så langt...

På vegene av ARKHAUS har eg forresten sendt klage til kommunen i 2017/18 på manglande interesse i å bruke kontoret, som er det einaste registrerte arkitektkontor i Hammerfest kommune. Klagen var omfattande og godt dokumentert, men førte til ingenting...

I farvatn av rettsaka har eg forresten kravd nytt innsyn i oppdragslista frå prosjektavdelinga. Som kjent skal innsynskrav generelt handsamast "utan ugrunna opphald", som Sivilombudsmannen tolka tidlegare til å vere innan ein til tre dagar (Offentleglova § 29 ism. kommentaren i rettleiaren pkt. 9.3). Kommunen svarte i denne saka likevel ikkje før ca. 4 veker etter at innsynskravet vart sendt ut. Interessant er her i tillegg, at ansvarlege sakshandsamar forklårte forseinkinga me *si eiga* ferieavvikling, sjølv om det skulle vere system i ein kommune for å fange opp slike (vanlege) utfordringer. Enno meir interessant: Det synta seg at sakshandsamaren ikkje var på ferie i det omtalte tidsrommet likevel...

Eg reknar med at det ikkje er overraskande å lese at det har skjedd tydelege forseinkingar ved respons på innsynskrav frå meg tidlegare: I 2020 måtte rådmannen oppfordre prosjektavdelinga til å levere dei kravde dokument, i 2017 måtte til og med Fylkesmannen sende purring for at kommunen/prosjektavdelinga reagerte.

.....

Etter ca.11 år erfaring "samarbeid" med Hammerfest kommune, spesielt prosjektavdelinga, ser det ut for meg som om det finst *systematisk* motvilje mot å bruke ARKHAUS som leverandør. Dette sjølv om kontoret har god erfaring med alle slags prosjekt og i alle prosjektfasar, og opererer med vanlege prisar for arkitektteneste. Då er spørsmålet om det av nærliggjande grunnar ikkje skulle vere eit grunnleggjande mål av ein kommune å bruke sine *eigne* næringsdrivande, i det minste *prøve* å bruke desse? Og viss ikkje dette skjer - kvifor ikkje?

Dessutan ser det ut som om ulike folk i kommunen ikkje bryr seg alt for mykje om forskrifter, men opererer gjerne etter "smak og behag"...

Til slutt må det i tillegg peikast på ein oppsiktsvekkjande dårleg kommunikasjonskultur, i det minste i prosjektavdelinga. Ut frå mi erfaring i den nemnde rettsaka gjeld dette òg for kommuneadvokaten, og med tanke på det siste innsynskravet i tillegg for ansvarlege i økonomiavdelinga. Neste spørsmål:

Korleis skal folk på eit slikt grunnlag få lyst til å etablere seg og drive næring akkurat i Hammerfest kommune..?

På vegne av ARKHAUS AS ynskjer at kontrollutvalet tek opp denne saka på si arbeidsliste. Målet her burde vere å undersøkje hendingene kring og motivasjonen for avbestillinga i 2021. Vidare burde måten kommunen kommuniserte med meg/ARKHAUS i denne saka undersøkjast. Dessutan burde ein sjå nærmare på grunnar for utestenging av ARKHAUS som leverandør for arkitektteneste i åra 2014-2021, og etterpå fram til i dag.

Det som gjeld rettsaka kan du/kontrollutvalet få innsyn i alle saksdokument [her](#) Elles kan eg levere god dokumentasjon for alle andre utsegnene ovanfor ved behov. Uansett kan eg stille opp til personleg rapport.

Vonar at dette kan vere eit fyrste skritt fram til meir kvalitetssikra arbeid i Hammerfest kommune.

- beste helsing

alexander kupz
arkitekt MNAL
dipl.ing.architektur

ARKHAUS

alex@arkhaus.no
41790525